



Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

13 AUG 2015

Askøy kommune
Postboks 323
5323 KLEPPESTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:
2015/092939-002

Dykkar referanse:
2015/2605

Vår dato:
11.08.2015

Dispensasjon frå reguleringsplan - Tomannsbustad - Gnr. 14 bnr. 295 i Askøy kommune - Ber om uttale

Vi viser til brev i frå dykk av 22.07.17, med førespurnad om uttale på ovannemnde søknad om dispensasjon frå reguleringsplan.

Statens vegvesen har vurdert søknaden om etablering av fylling på gbnr 14/295. Slik vi forstår ligg arealet der ein ønskjer å plassere fyllinga innanfor regulert byggjegrænse til Fv 218. Terrenget i området er bratt og krevjande. Gbnr 14/295 er ei av fleire tomter på vestsida av Fv 218 som inngår i same reguleringsplan. Etablering av byggjegrænse mot fylkesvegnettet tek utgangspunkt i ulike faglege vurderingar. I 1975 var byggjegrænse på 12,5 meter er ei minimumsdistanse ein bør ha til fylkesvegen slik vi oppfattar det. I åra som kjem vil Fv 218 få vesentleg auke i trafikkmengda i samband med utbygginga på Horsøy. Dette vil kunne bli utfordrande for dei som bur langs med Fv 218, med tanke på tilhøve til støv og støyproblematikk. Statens vegvesen oppfordrar kommunen til å oppretthalde byggjegrænse frå 1975 på 12,5 meter. Vi gjer merksam på at i dag ville ei byggjegrænse vore på 30 meter, jfr byggjegrænser til fylkesvegnettet i kommuneplanen.

Eit anna moment i denne saka er at det for to år sidan vart utarbeidd ein reguleringsplan for Fv 218 fram til Horsøy. Denne planen legg opp til etablering av fortau frå kryss på Fv 562 og fram til næringsområde på Horsøy, ved enden av Fv 218. I denne samanheng vil det vere trong for å bruke areal vest av Fv 218, for å realisere tiltak etter planen. Dette vil medføre at bustadområdet kjem nærare Fv 218. Det er også avsett areal til anna veggrunn. Dette arealet skal brukast til vedlikehald, snørydding og eventuelle naudsynte utvidingar av Fv 218 i framtida. Statens vegvesen vil ikkje kunne akseptere at ein etablerer fylling på vår grunn. Ei eventuell plassering av fylling i området skal sikrast slik at det ikkje er fare for utrasing mot Fv 218 og Statens vegvesen sin grunn.

Samla sett ber vi Askøy kommune om å oppretthalde byggjegrænse frå 1975, på 12,5 meter med tanke på plassering av fylling. Vi gjer også klart at fyllinga skal sikrast på ein fagleg forsvarleg måte slik at det ikkje er fare for utrasing mot Fv 218. Det er ikkje aktuelt frå vår side at fyllinga skal komme inn mot eller på vår eigedom.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081


Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Vi ber å få tilsendt vedtak i saka for eventuell klage.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
seksjonsleiar


Sigmund Bødal
overingeniør

Kopi: Hordaland fylkeskommune